



STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 25.10.2017
Vår ref.: 2017/15594-6
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering- E39 Molvikkryset - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 18.9.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for E39 Molvikkrysset i Lindås kommune. Hovudføremålet med reguleringa er utbetring av eit trafikkfarleg vegkryss. Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreining.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Landskap


Planområdet er innanfor landskapstypen Åslandskap og skogsåsar som er relativt robust for vesentlege endringar. Utbygging av veg og vegareal kan likevel påverke landskapets karakter og vi ber prosjektet ha fokus på kvalitet og estetikk i utforminga av anlegget, og avgrense eventuelle vegskjeringar.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne innafor planområdet. Like vest for plangrensa er eit bygningsmiljø ved Storbotnen på Bjørsvik. Tre av bygningane er bygd før 1850, jf. SEFRAK-registeret, og meldepliktige i høve kulturminnelova § 25. Sør for planområdet er ei litt yngre kulturmiljø ved Vågahaugen.



Kartutsnitt frå Askeladden, den nasjonale kulturminnadbæse. Rød trekant meldepliktig bygg (§25 kulturminnelova).

Planarbeid må ta stilling til kva innverknad planlagt tiltak vil ha på bygningsmiljøa og vurdere avbøtande tiltak.

Planarbeidet bør søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Samferdsel

Kollektivtrafikken blir ikkje direkte råka av kryssutbetringane, så Hordaland fylkeskommune/Skyss har ingen særskilte transportfaglege merknader.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Lindås kommune

Fylkesmannen i Hordaland